



12.09.2022

Til Alver kommune

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Vi som grunneigarar av eigedom 320/5, 320/4 og 321/3 spelar inn følgjande areal til endring frå LNF til bustadområde:



Formål:

Etablering av mindre bueiningar (rekkehus, leiligheter og einebustader).

Området:

Ligg langs FV 564 og grensar til sjø i sørvest, bustadområde i søraust og elles utmark. Området har sær gode kvalitetar i form av soltilhøve og utsikt, samt tilgong til naturområde og sjø. I gjeldande kommuneplan ligg området regulert som LNF-område. I søraust grensar arealet til eit byggeområde for bustad/bustadfelt.

Infrastruktur:

Det manglar i dag gang- og sykkelsti langs store delar av fylkesvegen. Ein gang og sykkelsti kan etablerast via skogsområdet i aust. Her er det pr. i dag allereie ein sti. Ved etablering av ein gang og sykkelsti i området kan ein knytte saman bustadområde i nordvest med senterområda mot Frekhaug i søraust.

Arealkvalitetar- landskap:

Areala i planområdet er i all hovudsak dekkja med skog av varierende botanitet. Ut over dette eksisterer det noko myr og fjell. Det er ikkje dyrka mark i, eller i nærleiken av området. I området si strandsone er det bratt. Her er det heller ikkje tenkt byggeaktivitet. I området markert med gult i 3D-modellen under er ei omtrentleg skisse over areal som kan vera høveleg til bustad. Arealet her er kupert, men har relativt små høgdeforkjellar. Byggeaktivitet vil soleis få mindre negative konsekvensar i forhold til endring av landskap og fjerneffektar. I planområdet er det strandlinje. Avgrensing mot funksjonell strandsone må gjerast på ein kvalitativ god måte som sikrar allmenn tilgong.



Oppsummering:

Ei omdisponering av omtalt areal vil kunne få følgjande positive konsekvensar for kommunen:

- Ein får mulegheit til å regulera attraktive tomter til noverande og framtidige innbyggjarar.
- Bustadene vil liggja i kort avstand til lokalt kommunesenter og i liten grad føra til auka transport.
- Ein sikrar strandsoneverdiar for framtida gjennom kartlegging av funksjonell strandsone i kommuneplan/reguleringsplan.
- Gang-og sykkelveg gjennom byggefeltet vil kunne løysast i ei eventuell regulering av området.

Mvh

Terje Grønhaug

Leni Dale

Bjørn Vidar Dale (s)